

PROTOKOLL
Forhandlingsutvalet

Møte: 03/2015
Tid: Torsdag 25. juni kl. 15:00 – 20:00
Stad: Frekhaug Folkehøgskole

Til stades:

Kommune	Austrheim	Fedje	Gulen	Lindås	Masfjorden
Ordfører	Per Lerøy	Kristin Handeland	Hallvard Oppedal	Astrid Byrknes	Karstein Totland
Vara-ordfører	Helge Dyrkolbotn	Roy Asle Tungland	Arve Harald Mjømen	May Eva Sandvik	Marit Steinestø
Politikar	Ernst Stellberg	Terje Storemark	Bjarte Undertun	Nina Bognøy	Arthur Sjursen
Rådmann	Jan Olav Osen	Vidar Bråthen	Reidun Halland	Ørjan Raknes Forthun	Svein Helge Hofslundsengen
Kommune	Meland	Modalen	Radøy	Solund	
Ordfører	Nils Marton Aadland	Knut Moe	Jon Askeland	Ole Gunnar Krakhellen	
Vara-ordfører	Lars Barstad	Kristin Nåmdal	Ann Christin Hoen	John Kåre Larsen	
Politikar	Rolf Hansen	Gisle Heimly	Kenneth Taule Murberg	Tom Færøy	
Rådmann	Ingvild Hjelmtveit	Øivind Olsnes	Jarle Landås	Erik Askeland	
Tillitsvalde	Jarle Næss – Utdanningsforbundet, Else Soltveit - Fagforbundet				
NUI:	Bent Gunnar Næss, Rune Heradstveit				
Andre:	Ole Bakkebø - Fylkesmannen, Victor Ebbesvik – KS, Åsbjørn Vetti – KS Konsulent				

Sak 15/15	<p>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</p> <p>Vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 16/15	<p>Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte</p> <p>Jon Askeland gjekk kort gjennom møteprotokollen frå sist møte. Det vart vist til sak 13/15. Dei to største fagforbunda er Utdanningsforbundet og Fagforbundet.</p> <p>Jarle Næss – representerer Utdanningsforbundet og Else Soltveit representerer Fagforbundet.</p> <p>Vedtak: Møteprotokollen frå møte 27.05.15 – møte nr 2 vart godkjent utan merknad.</p>
Sak 17/15	<p>Kva prinsipp ønskjer vi at den nye kommunen skal bygge på?</p>

	<p>Åsbjørn Vetti frå KS konsulent vil utforme eit opplegg der vi jobbar i grupper i ulike stasjonar med ulike tema.</p> <p>Dei ulike tema som er satt opp er følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kva bør namnet vere på den nye kommunen? 2. Kvar bør administrasjonssenteret vere? 3. Korleis bør kommunehusa nyttast? 4. Nærssenter – kva vil vere naturlege oppgåver til eit nærssenter i ein framtidig Nordhordlandskommune? Kvar bør nærssentra ligge? 5. Kva prinsipp bør ligge i botn for tenestene til innbyggjarane? 6. Kva tenester bør vere samla og kva kan vere meir desentralisert? Kva prinsipp bør leggest til grunn? 7. Demokrati – korleis kan den nye kommunen leggje til rette for eit levande lokaldemokrati? 8. Korleis sikre levande lokalsamfunn? Samfunnsutvikling? 9. Økonomi Korleis skal vi harmonisere skatter og avgifter, gjeld, fond, planlagte investeringar? <p>Det som kjem fram i arbeidet vert samanstillt i eit eige dokument som vert sendt ut saman med referatet.</p>
<p>Sak 18/15</p>	<p>Kommunikasjonsplan – innbyggjardialog – oppfølging av sak 12/15 Vedlegg: Forslag til kommunikasjonsplan Med bakgrunn i sak 12/15 var der utforma ein kommunikasjonsplan som sa noko om mål, rammer og tiltak og ansvar for tiltak. I tiltaksdelen er der skilt mellom kva som skjer regionalt og i den einsskilde kommune. Det som er satt opp under den einsskilde kommune er meint som forslag. Kvar kommune må gå gjennom lista og sjå på kva som er naturleg å gjennomføre og eventuelt kome med andre forslag.</p> <p>Denne vart drøfta i forhandlingsutvalet.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet sluttar seg til den foreslegne kommunikasjonsplan og ser det også som naturleg at den vert vedeteke av kvar einssild kommunestyre. Forhandlingsutvalet har følgjande forslag til vedtak i kommunestyra:</p> <p><Kommune> sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.</p>
<p>Sak 19/15</p>	<p>Innbyggjarundersøking</p>

	<p>Vedlegg: Forslag til innbyggerundersøking</p> <p>Arbeidsutvalet ser føre seg å gjennomføre ei felles innbyggerundersøking så raskt som mogeleg. Gulen har allereie gjennomført ei undersøking.</p> <p>Arbeidsutvalet ser det som viktig at undersøkinga ikkje har for mange spørsmål fordi da vil gjerne kvaliteten på svara bli dårlegare. Arbeidsutvalet ser også behovet for å gjennomføre ei ny undersøking på slutten av året 2015. Undersøkinga må ved val av alternativ tilpassast den einskilde kommune.</p> <p>Arbeidsutvalet tilrår at prosjektleiar med bakgrunn i forslag til innbyggerundersøking hentar inn tilbod. Dersom dei som skal gjennomføre undersøkinga ser faglege behov for å gjere endringar i spørsmåla eller der er manglar så får arbeidsutvalet fullmakt til å gjere dei endringane.</p> <p>Arbeidsutvalet foreslår at undersøkinga vert finansiert med 140.000 frå skjønnsmidlane og at resten vert fordelt likt på kommunane. Kommunane har fått tildelte 100.000 frå staten for å drive med informasjon. Erfaring frå andre undersøkingar tilseier at kommunane sin finansiering vert ein plass mellom 25.000 og 40.000.</p> <p>Dersom einskilde kommunar vil ha inn eigne spørsmål så kan det avtalast med prosjektleiar, men ein må da gjere rekning med å dekke dei ekstra kostnadane.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet sluttar seg til forslaget til innbyggerundersøking og framlegget til finansiering. Arbeidsutvalet får fullmakt til å godkjenne enkelte endringar i undersøkinga dersom det skulle vise seg å vere behov.</p>
<p>Sak 20/15</p>	<p>Møteplan</p> <p>Arbeidsutvalet ser behov for å ha eit møte før 21. oktober for å halde tilstrekkeleg trykk i prosessen. Foreslår difor at vi tek eit møte måndag 24. august frå kl 16.00 – 20.00. Ser også behov for å få fastlagt heile møteplan for hausten. Foreslår difor følgjande møteplan for 2. halvår 2015.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 24. august – 16.00 – 20.00 • 21. oktober – 16.00 – 20.00 • 16. november – 16.00 – 20.00 • 7. desember – 16.00 – 20.00 <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet sluttar seg til forslaget til møteplan for hausten 2015.</p>
<p>Sak 21/15</p>	<p>Oppsummering og tema på neste møte</p> <p>Leiar i forhandlingsutvalet Jon Askeland hadde ein oppsummering av møtet. ???</p> <p>Neste møte er måndag 24. august kl. 16.00 – til ca. kl. 20.00.</p>

Frekhaug, 25. juni 2015



Jon Askeland
Leiar i forhandlingsutvalet
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

UTKAST